



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtedato:** 17.09.2009  
**Møtetid:** 13:00 – 17.00  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Vidar Rolland Marion L. Pedersen Øyvind Røen	Bjørn Sævild Gunnar Bruvik Helga Nygård

### **Andre som var til stades på møtet:**

Pedagogisk konsulent Steinsland fram til sak 49/09  
Teknisk Leiar Erstad , Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge under heile møtet.

### **Merknader:**

Bjørn Sævild var ugild i sak 50/09 – Olaug Øystese møtte som vara.  
Marit Aase var ugild i sak 50/09 - Sigmund Dyrhovden møtte som vara.

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Ordførar orientere om at naturutvalet på sist møte drøfta kva planoppgåver som skulle prioriterast. Bakgrunnen for drøftingane var notat frå administrasjonen der det var peika på den vanskelege bemanningssituasjonen ved teknisk eining noko som har gjort at ein er på etterskot med planarbeidet.
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	Ingen

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 18.09.2009

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
047/09	09/501	Faste saker	
048/09	09/33	Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020 - Høyring	Vedlegg unnateke off. innsyn
049/09	09/496	PROSAM AS.	
050/09	09/399	Prestebustad - Tilleggsøyving	
051/09	09/209	Tilkopling av private vassverk.	
052/09	09/281	Tilskot frå Næringsfondet - MP.BYGG v/Magni Petersen	Vedlegg unnateke off. innsyn
053/09	09/499	Tilskot frå Næringsfondet - Karina Liøen.	Vedlegg unnateke off. innsyn

Statusrapport dagsett 10.09.09 om fleirbrukshall var sendt ut på førehand.

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

**Saknr. 047/09**  
**FASTE SAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Notat med status for arbeidet med **fleirbrukshall** var sendt ut på førehand. I møtet fokuserte ein særleg på vidare framdrift og tilhøve til arbeidet med skulebruksplan.

Einingsleiar for teknisk tok opp spørsmål om **sikring av området ved Dråpeslottet barnehage**. Ved store nedbørsmengder klarer ikkje systemet å ta unna alt vatnet. Det dannar seg små innsjøar, rekkverk som skal sikra at barn vert trekt mot rista vart i haust lagt ned. Teknisk eining ser på kva som kan gjerast for å hindra at det oppstår farlege situasjonar. Skal det gjerast tiltak må det løyvast midlar. Eininga må vurderer om risikoen for ulukker er så overhengande at det må fremjast hastesak, evt. at tiltaket kan vurderast i samband med budsjettet for 2010.

**Utvalet sitt kvarter:**

Gunnar Bruvik stilte spørsmål om korleis vi kan handtera den aukande trafikken gjennom Ytre Tysse.

Ordførar og Teknisk leiar orienterte om at det er fleire som har teke kontakt med kommunen om same spørsmål. Kommunen er i dialog med vegvesenet, det er m.a. avtala møte.

Kommunen vurderer m.a. å bestilla ein trafikktejing. Restriksjonar med t.d. nedsett fartsgrense vert vurdert.

**PØ-047/09 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**Saknr. 048/09**

**SKULEBRUKSPLAN FOR SAMNANGER 2009-2020 - HØYRING**

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase sett fram følgjande framlegg:

” **Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020 – Høyring:**

1. Ved val av kortsiktige løysingar 2010-2014.

Frå hausten 2010 vert *alternativ 0.2*, som inneber å samle trinna på dagens skular tilpassa kapasiteten på skulane tilrådd.

Dette inneber at:

- Nordbygda skule vert småskule for 1-3 trinn (S03)
- Gjerde skule vert barneskule for 4-7 trinn (B04)
- Ungdomsskulen vert rein ungdomsskule for 8-10 trinn (U03)

Stipulerte kostnader vert vurderte i budsjett- og økonomiplanarbeidet seinare i haust. Det kortsiktige perspektivet må haldast saman med behov for investeringar på lengre sikt etter kvart som desse vert konkretiserte/prioriterte.

2. Val av langsiktige løysingar 2014-2020.

Her må dei ulike løysingane slik dei ligg i tabell 5.2 s. 71 i framlegg til skulebruksplan utgreiast vidare fram mot budsjettmøtet i desember 09. "Hallprosjektet" sine framlegg inkl. kommunehusfunksjonane og lokalisering av desse vert å vurdera parallelt, og ein er open for andre alternativ og moglegheiter i høyringa.

Skulebruksplan for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad (jfr. kommuneplanen)."

Det vart røysta over framlegget som vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

**PØ-048/09 Vedtak:**

**Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020 – Høyring:**

3. Ved val av kortsiktige løysingar 2010-2014.

Frå hausten 2010 vert *alternativ 0.2*, som inneber å samle trinna på dagens skular tilpassa kapasiteten på skulane tilrådd.

Dette inneber at:

- Nordbygda skule vert småskule for 1-3 trinn (S03)
- Gjerde skule vert barneskule for 4-7 trinn (B04)
- Ungdomsskulen vert rein ungdomsskule for 8-10 trinn (U03)

Stipulerte kostnader vert vurderte i budsjett- og økonomiplanarbeidet seinare i haust. Det kortsiktige perspektivet må haldast saman med behov for investeringar på lengre sikt etter kvart som desse vert konkretiserte/prioriterte.

4. Val av langsiktige løysingar 2014-2020.

Her må dei ulike løysingane slik dei ligg i tabell 5.2 s. 71 i framlegg til skulebruksplan utgreiast vidare fram mot budsjettmøtet i desember 09. "Hallprosjektet" sine framlegg inkl. kommunehusfunksjonane og lokalisering av desse vert å vurdera parallelt, og ein er open for andre alternativ og moglegheiter i høyringa.

Skulebruksplan for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad (jfr. kommuneplanen).

**Saknr. 049/09**

**PROSAM AS.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

" Endringane i dei økonomiske rammevilkåra til ProSam a.s. gjer det naudsynt å få ei avklaring om kva forventningar kommunen har til selskapet og kva finansiering som er mogleg å få til. Med utgangspunkt i kommuneplan for Samnanger 2007 – 2017, kap "Arbeid og næring – nyskaping og utvikling" - vert rådmannen beden om å utarbeida ei sak til

kommunestyret innan desember 2009 som omhandlar kommunen sitt engasjement innan dette området og kva rolle ProSam a.s. kan ha.

Samnanger kommune dekkjer opparbeidd underskot pr. 16.09.09 i ProSam as. Samnanger kommune tek på seg kostnadane for drift av ProSam a.s ut 2009 basert på eit månadleg honorar til dagleg leiar i sept.-desember på kr. 18.000,-. Kostnaden ca kr. 350.000,- vert dekkja ved bruk av næringsfondet. Hausten 2009 vil kommunen kjøpa tenester av ProSam for minst kr. 54.000. Utgiftene vert dekkja over ordinært driftsbudsjett.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

#### **PØ-049/09 Vedtak:**

”Endringane i dei økonomiske rammevilkåra til ProSam a.s. gjer det naudsynt å få ei avklaring om kva forventningar kommunen har til selskapet og kva finansiering som er mogleg å få til. Med utgangspunkt i kommuneplan for Samnanger 2007 – 2017, kap Arbeid og næring – nyskaping og utvikling - vert rådmannen bedt om å utarbeida ei sak til kommunestyret innan desember 2009 som omhandlar kommunen sitt engasjement innan dette området og kva rolle ProSam a.s. kan ha.

Samnanger kommune dekkjer opparbeidd underskot pr. 16.09.09 i ProSam as. Samnanger kommune tek på seg kostnadane for drift av ProSam a.s ut 2009 basert på eit månadleg honorar til dagleg leiar i sept.-desember på kr. 18.000,-. Kostnaden ca kr. 350.000,- vert dekkja ved bruk av næringsfondet. Hausten 2009 vil kommunen kjøpa tenester av ProSam for minst kr. 54.000. Utgiftene vert dekkja over ordinært driftsbudsjett.”

#### **Saknr. 050/09**

#### **PRESTEBUSTAD - TILLEGGSØYVING**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Bjørn Sævild bad om å verta vurdert ugild, og gjekk i frå. Olaug Øystese kan inn som vara. Marit Aase bad om å verta vurdert som ugild i saka og gjekk i frå.

Sigmund Dyrhoven kom inn som vara.

Bright Olav Gåsdal leia møtet under handsaminga av saka. Utvalet vurderte ugildskapen og fann begge ugilde i saka.

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune tilleggsøyver inntil kr. 1.15 millionar til fullfinansiering av ny prestebustad. Summen skal finansierast ved låneopptak.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PØ-050/09 Vedtak:**

Samnanger kommune tilleggsøyver inntil kr. 1.15 millionar til fullfinansiering av ny prestebustad. Summen skal finansierast ved låneopptak.

#### **Saknr. 051/09**

#### **TILKOPLING AV PRIVATE VASSVERK.**

#### **Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

For å differensiera noko meir på vårt avgiftsreglement for vatn, vil følgjande verta lagt til grunn:

1. I alle driftsbygningar med innlagt vatn skal det vera installert vassmålar.

2. Der vassforbruket er mindre enn 100 m<sup>3</sup> pr. år vil det ikkje bli kravd fast årleg avgift.
3. Avgifta for forbruk blir som for næringsbygg pt. Kr 17,53 pr m<sup>3</sup>.
4. Dersom vassforbruket overstig 100 m<sup>3</sup> skal det kravd fast årleg avgift.

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet  
Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**PØ-051/09 Vedtak:**

For å differensiera noko meir på vårt avgiftsreglement for vatn, vil følgjande verta lagt til grunn:

1. I alle driftsbygningar med innlagt vatn skal det vera installert vassmålar.
2. Der vassforbruket er mindre enn 100 m<sup>3</sup> pr. år vil det ikkje bli kravd fast årleg avgift.
3. Avgifta for forbruk blir som for næringsbygg pt. Kr 17,53 pr m<sup>3</sup>.
4. Dersom vassforbruket overstig 100 m<sup>3</sup> skal det kravd fast årleg avgift.

**Saknr. 052/09**

**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - MP.BYGG V/MAGNI PETERSEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknaden frå MP.bygg v/Magni Petersen vert støtta med kr. 20.000.

Pengane blir å ta frå næringsfondet.

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet  
Handsaming i møtet: Samrøstes vedteke.

**PØ-052/09 Vedtak:**

Søknaden frå MP.bygg v/Magni Petersen vert støtta med kr. 20.000.

Pengane blir å ta frå næringsfondet.

**Saknr. 053/09**

**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - KARINA LIØEN.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Karina Liøen får eit tilskot frå næringsfondet på kr 30.000. Tilskotet er basert på opplysningar i søknad av 09.09.2009

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet  
Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**PØ-053/09 Vedtak:**

Karina Liøen får eit tilskot frå næringsfondet på kr 30.000. Tilskotet er basert på opplysningar i søknad av 09.09.2009.

